


MIGRASONG

- tonane dei bar med seg over havet



Hilsen til Norge!

Vær hilset du mit fødeland,
deroppe høit i Nord!
Jeg længes mod din kjendte strand,
den kjæreste paa jord.

Hav tak for alt', som du mig gav,
som du gav frit til høit og lav,
som jeg tog med ombord

MIGRASONG

tonane dei bar med seg over havet

Ei musikkdramatisk framsyning
av Reidun Horvei

Reidun Horvei-song
Øyvind Lyslo-gitar og Per-Inge Hove-harmonium

Tore Nysæter - regi

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

MUSEUMSENTERET
i Hordaland

MIGRASONG

- tonane dei bar med seg over havet

Hordaland fylkeskommune har den gleden av å tilby 17 framсыningar i Hordaland fylke med «Migrasjon – tonane dei bar med seg over havet». Premieren var den 11. februar 2018 på Sletta i Emigrantkyrkja, og etter det la ensemblet ut på turné med åtte framсыningar på ulike stadar i Hordaland. Våren 2018 har dei ei ny-premier i USA, Seattle. Hausten 2018 går neste turné av stabelen.



Emigrantkyrkja på Sletta, foto: Vestnorsk Utvandringssenter

Framсыninga «MIGRASONG – tonane dei bar med seg over havet» vender seg til folk i dag for å gje innsikt og formidla ein viktig og lite påakta del av historia om emigrasjon frå Noreg for 150 år sidan. Det var ein periode då mange av innbyggjarane i landet søkte ei betre og tryggare framtid i eit anna land enn sitt eige.

Musikken i framсыninga er bygd på folketonane som utvandrarane tok med seg frå heimlandet og dei nye songane som oppstod og vart skriva der dei kom. Tekstane var fulle av lengt og draumar om det livet som var levd der dei kom i frå og det som fanst i fantasien om deira nye tilværet. Gjennom det autentiske innhaldet i songane og måten dei er vorte formidla gjennom tidene, vil forteljinga skildra korleis melodiar og tekstar har påverka kvarandre og vorte utvikla, og i dragsuget av dette har nye songar kome til. «Migrasjon – tonane dei bar med seg over havet» skildrar eit levevis gjennom ulike røyster og miljøskildringar, farga av situasjonen som mange flyktningar og innvandrarar både i USA og Noreg lever under i dag. Musikken i framсыninga er arrangert av Per Inge Hove og Øyvind Lyslo som også medverkar som musikarar.

Den visuelle klangbotnen i framсыninga er fleire biletspel prosjektert som bakgrunn. Videoframсыninga, bilete og animasjonar er integrert med scenebiletet og går i dialog med spelet på scena. Dette vert formidla gjennom brev og dokumentasjon som skillingstrykk, grafiske og fotografiske reproduksjonar. Det er Reidun Horvei som har utarbeidd framсыninga i samarbeid med Jan F Öqvist og seinare Tore Nysæter. Biletspel er laga av Steffen André Hagen.

Medverkande



Reidun Horvei har i ei årrekkje arbeidd som frilans songar og kvedar. Ho har hatt konsert turnear over store deler av Noreg med særskilde program for Rikskonsertane både innan klassisk musikk, ny musikk, vise og folkemusikk. Ho har fleire gonger vorte engasjert ved Festspela i Bergen, Hardingtonar, Hardanger Musikkfest og Osafestivalen og har turnert og medverka under festivalar i, Europa, USA og Midtausten. Reidun Horvei har sidan 1992 vore fylkesmusikar i Hordaland og sett saman mange historiske framsyningar.

Øyvind Lyslo er gitarist, komponist, arrangør og produsent. Lyslo vart nominert til Spelemannsprisen for CD-en «Syngande strenger». Han har medverka på ei rekkje CD-innspelningar og har hatt mange konsertar i Europa, men også i Venezuela og Øst-Timor. Øyvind Lyslo er fylkesmusikkleiar i Sogn og Fjordane, frilans musikar og gitarpedagog.



Per Inge Hove arbeidar som organist på Osterøy og er frilans utøvande musikar innan eit stort spekter av sjangrar. Han er oppvaksen i Vik i Sogn og har utdanninga frå Griegakademiet, Bergen, der han mellom anna studerte kyrkjemusikk og komposisjon med fordjuping i improvisasjon og tradisjonsmusikk.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Foto: Galeyo, Flickr



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

Spørsmål om MIGRASONG?

Kontaktperson: Hordaland fylkeskommune, kultur - og idrettsavdelinga
Wenche Gausdal, Tlf.: 55 23 99 65/976 87 636
E-post: wenche.gausdal@hfk.no

Kontaktperson: Utøvar
Songar/kvedar Reidun Horvei, tlf.: 905 49 531
E-post: reidun.horvei.laerum@hfk.no